Aar 1925 den 7 nov. hadde
kaffistovenemnda fraa Larvik
og lags- og forretningsstyret for
Sandefjord og Sandeherad maal-
lag sammenkome paa kaffistove-
salen i Sandefjord.
Formannen i forretningsstyret
for kaffistova i Sandefjord, lærar
Vraal Londalsund styrde møtet.
Underskrevne var tilstades.
1. Det vart vedteke aa skipa
eit lutlag med ein kapital paa
kr. 15000.00 som skal setja
igang og driva ei kaffistove
i den garden som Sandefjord
og Sandeherad maallag har
kjøpt i Larvik.
Lutlaget fær namnet Ve Kaf-
fistova i Larvik
2. Lærar Londalsund, lærar Lörslet
og disp. Midtlun fekk i uppdrag
aa arbeida ut framlegg til lover

for lüttlaget.
3. Det vart vedteke at inngangen til
Skeva skal gaa ovre hagemüren
paa aütsida av hüset.
4. Det vart vedteke at S/L. Kaffistor
Larvik skal betala Kr. 3000.-
i leiga for 1926.
5. Det vart vedteke aa gjeva lærar
ne Kärnen og Gjärtoft füllmagt
til aa ütarbeida plan for
innreidnaden av Skeva saman
med dr. Hanssen og lærar.
Henden dersom desse tvo
siste kann stilla seg til
tenesta.
6. Det vart vedteke aa setja frk.
Greole, frk. Hüslaatten og lærar
Fartünd til aa koma med
framlegg um korleis
kjøkenet skal innreidast
og kva slags servise me
skal kjøpa.

Møtet slutt.

Haukland Hans Thorbergsen Johan L. Tønnessen

N. Rogn. Andr. Fjørtoft N. Rørstett

H. [illegible] [illegible]

Anna Heflåtten

# Skipingsmøtet i
# Gl. Kaffistova, Larvik.

Aar 1926 den 15 januar vart det
haldt skipingsmøte i Gl. Kaffistova
Larvik.
Som skipingsmenner møtte
Lærar Gjørtoft
" Lønslet
" Handeland og
disponent H. Christensen, dei tvo
fyrste med fullmagt fraa Norsk-
domslaget Larvik og dei tvo siste
med fullmagt fraa Sandefjord
og Sandeherad maallag.
Seg imillom eller med andre
hadde desse ikkje gjort noko kon-
trakt som vedkjem skipingi av
lutlaget.
Dette skal ha til føremaal aa driva
kaffistove, eller annor forretnings-
verksemd, i Larvik.

Kontoret skal vera i Larvik eller Sandefjord, etter nærmare vedtak av styret.

Luttmidlen skal vera kr. 15000.00 i luter paa kr. 50.00 som lyder paa namn og skal vera fullt innbetalt. So lenge Norskdomslaget i Larvik og Sandefjord og Sandeherad maallag er luteigarar, har desse lagi rett til aa tilsetja styre for luttlaget med tvo tillitsmenner fraa kvart lag.

Luttlaget skal ikkje kunna tvinga nokon luteigar til aa overdra luterne sine.

Vil derimot ein luteigar selja sine luter skal han melda dette til styret, som gjev Norskdomslaget i Larvik og Sandefjord og Sandeherad maallag forkjøpsrett.

Vert ikkje forkjøpsretten brukt innan 1 maanad, kann lut

eigaren selja til kven han vil.
Luteigarane hev ingi annar plikt
mot lutlaget enn aa betala luter-
ne sine.
Ingen lut skal kunna betalast
paa annan maate enn med
reide pengar.
Einskildmenn skal ingen serrett
ha i lutlaget.
Dei som skipar laget skal ikkje ha
nako serskild godtgjerdsla for
dette.
Ved avrøystingar i lutlaget er alle
luter like og hev ei røyst kvar.
Lutlaget skal ikkje arbeida eller driva
i nako avgrensa tid.
Etter dette var vedteke, teikna
dei som var tilstades seg for
desse luterne:
Larar Fjørtoft 1 lut a kr. 50.00.
Lærar Løvoll og Fjørtoft
p.v.a. Mardøla [?] Larvik
149 luter a ~~50~~.00 = 7450.00.

H. Smidstim 1 lut kr. 50.00
E. Smidstim, lærar Landeland
p.r.a. Sandefjord og Sandehe-
rad maallag 149 luter a 50/- 7450.00
Tils. kr. 15000.00

Kapitalen var soleis fullteikna:
Deretter vart desse lovene vedtek-
ne:

1.

Lutlaget Kaffistova Larvik
er eit huvudsvarlegt lag med ein
lutmidel paa kr. 15000.00. Kvar
lut er paa kr. 50.00 og lyder paa namn.

2.

Lutlaget hev til fyremaal aa
driva Kaffistova eller annar far-
retningsverksemd i Larvik. Det
hev driftskontor i Sandefjord eller
Larvik.

3.

Dersom nokon luteigar vil

År 1927 den 29. januar vart det halde styremöte i L/l Kaffistova. Til dryftingslåg fyre:

1. Årsmelding frå L/l Kaffistova, Larvik.

Til Larvik og Brunla Norskdomslag og Sandefjord og Sandeherad Mållag.

-·-

L/l Kaffistova, Larvik vart skipa i Larvik 15. januar 1926, med ein lutmede ~~stor~~ 15000,- kr. bytt på 300 luter à kr 50.- Lutmedelen var fullt innbetalt. Med i styret var: frå Sandefjord og S. herad Mållag Vrål Handeland og L. Midtun, og frå Larvik og Brunla Norskdomslag Nils Lövslett og Andr. Fjörtoft, den siste som formann og Lövslett som skrivar og Handeland som varaformann. Seinare gjekk Lövslett ut, og i hans stad kom Hermann Helle som vart skrivar. Han har ogso fört skipings=

rekneskapen. Rekneskapen elles er fört av styrarinna, frk. Kristiane Grevle.

Det gjekk seinare enn venta med å få stova i stand, då ymse uventa seinkingar kom til frå arkitekt og handverkarar. Men den 18. april var Kaffistova innvigd med ein större fest. Dei kommunale styresmenn (ordförar, borgarmeister m. fl.), pressa, arbeidsfolka, Norskdomslaget i Larvik og Brunla, Sandefjord og Sandeherad Mållag med fleire var innbedne til festen — ikring 150 i alt. Opninga gjekk fint for seg og alle tyktest nögde.

Måndag 19. april vart so Kaffistova opna for vanleg drift, og alt frå fyrste dagen har ho vore godt omtykt og godt sökt.

Frk. Kristiane Grevle har heile tida stått for styret, og ho har styrt godt. Der er tre faste gjentor, og ved högtider og festdagar har det vorte leigt serskild hjelp.

Som venta syner det seg å vera laurdags- og sundagstraffikken Kaffistova flyt på. Men ein kan ogso merka at landsfolk tek til å bli faste sökjarar til stova. Mykje å segja for drifta vil truleg utleiga av salen eller salane få med tida. Det syner seg at dei som leiger kjem att, og på den vis får Kaffistova vant mange til å gå innom som elles vilde ga framom.

Som rekneskapsutdraget syner, har A/S Kaffistova i det lidne året (8⅓ månad) havt eit driftsoverskot på kr 1557,59 (Då er det teke kr. 1200.– i avskriving på innbûi). Etter som tidene no er, må ein vera nögd. Elles er det å merka seg at mykje av det som er påfört drifta som utgift, skulde ha gått på skipingskontoen. Lûtmedelen synte seg nemleg forliten, då ymse ting kom til som ikkje var rekna med frå fyrst av (piano, glassplator, dekkety)

A/S Kaffistova vart registrert hausten 1926, og går soleis inn under dei fyresegner som aksjelova krev.

Etter lovene kan lutlaget gjeva inntil 7 % utbytte av lutmedelen. Styret gjer framlegg om sovori utetling av overskotet:
Kr. 500.- vert avsett til tryggingsfond for drifta.
Til luteigarane vert det etla ut 7 % - kr 1050.-
Resten - kr. 7,59 - vert fört over i ny rekning.

Andr. Fjörtoft  H Haudeland  E Christin

Hermann Helle

# L.L Kaffistova

i Larvik hadde årsmøte i Kaffistovesalen måndag den 28. februar. Forutan styret møtte det 5 utsendingar frå Sandefjord og Sandeherad mållag og 5 frå Larvik og Brunla Norskdomslag. Form. Andr. F j ø r t o f t la fram lovene for lutlaget, som ein no hadde fått prenta. Deretter vart det framlagt årsmelding og rekneskap, som begge vart samrøystes godkjende.

Årsmeldinga synte at søknaden til stova har vore jamn og god sidan opninga 18. april ifjor. Størst har omsetnaden vore laurdager og sundager. Den jamne utleiga av festsalen og møtesalane har og havt mykje å segja for drifta.

Til innreiding av Kaffistova var heile lutmedelen gått med, og attpå hadde ein skøytt til med noko pengar frå driftskonto; men so var det og kome til utgifter som ein ikkje hadde rekna med frå fyrst av t. d. kjøp av piano, glassplator på borda m. m.

Driftsrekneskapen synte eit lite overskot. Av dette blei kr. 1050 delt likt millom dei 2 laga som eig Kaffistova, og resten vart avsett til trygdingsfond for drifta. Til slutt blei det eit stutt ordskifte om ein skulde få innlagt radio på stova. Om sjølve saka var det ulike meiningar; men alle var samde om at ein fekk utsetja spursmålet inntil vidare. I samanheng med dette bad H e n d e n styret syta for at det på musikk-kveldane vart spela mest mogeleg norsk musikk — serleg norsk folkemusikk. Her hadde me ein rikdom som var altfor lite nytta.

Form. takka so for frammøtet — og Henden takka styret for godt arbeid — Sandefjord og Sandeherad mållag for god hjelp med å reise stova.

Årsmøtet slutta med eit festlegt kveldsbord for utsendingar og lagsfolk i Norskdomslaget.

I styremøte etterpå vart Andr. Fjørtoft attvald til formann.

---

[illegible] og stova elles for
kring 1600 kr. For ei tid sidan vedtok
styret å kjöpa elektrisk motor og ymse
hjelpemaskiner til kjökenet, fyrebils på pröve.
Men då det synte seg at dei ikkje fyllte
dei krav som var sett, vart det ingen handel
av.

Umsetnaden i 1927 vart 4557,00 kr.
Netto overskotet vart 3797,15 kr.
Bevertningsskatten har elles reist av med 2796,21
I styremöte 6. jan. d.a. vedtok styret sovore
framlegg m. u. til bruk av overskotet:
7% av lutmedelen blir å utla ut med 1050

1. Driftskonto .............................kr. 12909.40.

1. Lönskonto ...................kr. 5363.90.
2. Blad og reklame ........... " 770,29.
3. Bevertningsskatt........... " 2796,21.
4. Skattekonto.................." 181,85.
5. Avskrive paa innbu.........." 10000-.
6. Til trygdingsfondet........." 500, -.
7. 7% utbytte.................." 1050, -.
8. Beimveges til laga.........."1200, -.
9. Vert fört i ny rekning......" 47.15. " 12909.40.

Eiga og skuld.

1. I kassa ....................................." 41,28.
2. Innbu........................................" 12800,00.
3. Bankkonto ..................................." 5455,87.

Kr. 18297,15.

1. Kapitalkonto...............kr. 15000,00.
2. Fondskonto................." 500,00.
3. Jamvekt (overskot) ......." 2797.15. " 18297,15.

Hermann Helle
(sign)

Samsvarar med bökene.

A. Jorde. Birger Eikeland.
(sgn)

Sakliste 16/2 kl. 17.
1. Årsmelding
2. Rekneskap.
3. Ymses.

# Aarsmelding for 1928
## frå
## Styret i A/L Kaffistova, Larvik

—— « ——

Den framgang i søknad og umsetnad som styret kunde melda um for eit år sidan, har ogso halde ved i det lidne året.

Umsetnaden har auka frå kring kr 45570,99 i 1927 til kr 52414,46 i 1928.

Drifta syner eit bokført overskot på kr 2262,40 i 1928 mot kr 2797,15 i 1927.

Orsaka til det mindre overskotet vil ein lett finna av rekneskapsutdraget.

På årsmøtet ifjor fekk styret fullmakt til å leiga resten av Storsalen og nemndromet – no middagssalen –, og enn vidare til å løysa inn imbuet i desse rom som Sandefjord og Sandeherad mållag åtte. – Denne fullmakt har styret nytta ut slik at Kaffistova no eig alt imbuet.

Årsuppgjer for L/l Kaffistova,

1928 Larvik.

Vinnings og tapskonto.

Vinning :
1. Driftskonto .................................... kr. 13590,10

Tap:
1.Løskonto ....................kr. 5576,55
2.Blad og reklame.............. " 694,95
3.Serveringsskatt.............. " 3075,00
4.Skattekonto.................. " 813,20
5.Avskriving på innbu.......... " 1168,00
6.Overskot..................... " 2262,40
..... " 13590,10.

Status pr. 31/12 1928.

Aktiva:

1.Innbu ..............kr. 12900,00
2.Bankkonto........... " 5362,40
............. " 18262,40

Passiva:

1. Kapitalkonto....... " 15000,00
2. Fondskonto......... " 1000,00
3. Vinnings & tapskonto " 2262,40
............. " 18262,40

Styret gjer framlegg um å nytta overskotet soleis:

15 % utbytte ................kr. 2250,00
Overførsel i ny rekning ..... " 12,40.
kr. 2262,40.

Nettoinnt
6867,40
÷ 2567,42
4299,98

## Årsuppgjer for L/l Kaffistova Larvik.

1929.

**Vinnings & Tapskonto:** .......................................... kr.14235,05

| | | |
|---|---|---|
| 1. Driftskonto ................ | kr.57o8,15 | |
| 2. Lønskonto ................ | " 83o,35 | |
| 3. Blad & Reklamekonto ........ | " 29o7,68 | |
| 4. Serveringsskatt............. | " 1o21,45 | |
| 5. Skattekonto ................ | " 12oo,oo | |
| 6. Avskrive på innbu.......... | " 2567,42 | |
| 7. Overskot .................. | | " 14235,05 |

**Status pr. 31/12 1929.**

**Aktiva:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. Innbu ................ | kr.117oo,oo | |
| 2. Bankkonto.............. | " 6867,42 | |
| | | ......kr.18567,42 |

**Passiva:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. Fondskonto............ | kr.1ooo,oo | |
| 2. Kapitalkonto .......... | " 15ooo,oo | |
| 3. Vinnings& Tapskonto ... | " 2567,42. | |
| | | ...... " 18567,42 |

Styret gjer framlegg um å nytta overskotet soleis:
17 % utbytte kr. 255o,oo
Overf.i ny rekning " 17,42
kr. 2567,42

I samsvar med bøkene:

[signature]

Birger Eikeland.

5. Ein vedtok deretter å leggje fram for årsmøte sovoren årsmelding.

## Årsmelding for 1930

frå

### Styret i L/L Kaffistova, Larvik.

—·—

L/L Kaffistova, Larvik, har i 1930 havt eit medelsgodt år. Umsetnaden som i 1929 gjekk ned noko, har og so minka litt i 1930.

Tala ser slik ut:

| | | |
|---|---|---|
| I 1928 | var umsetnaden | Kr 52414,46 |
| " 1929 | — " — | " 51618,– |
| " 1930 | — " — | " 49815,36 |

Drifta syner likevel for siste året eit overskot på Kr 2573,85 – eller Kr 6,43 meir enn iffjor.

Aarsopgjer for L/L Kaffisteva, Larvik, 1930.

Vinnings & Tapskonto:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Driftskonto | | kr. 14081,05 |
| 2. Lønskonto | kr. 5484,35 | |
| 3. Blad& reklamekto. | " 912,56 | |
| 4. Serveringsskatt | " 2808,44 | |
| 5. Skattekonto | " 1101,85 | |
| 6. Avskrive paa innbu | " 1200,- | |
| 7. Overskot | " 2573,85 | " 14081,05 |

Status pr31/12 1930.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aktiva: | 1. Innbu | kr. 10500,- | |
| | 2. Bankkonto | " 8073,85 | Kr. 18573,85 |
| Passiva: | 1. Fondskonto | kr. 1000,- | |
| | 2. Kapitalkonto | " 15000,- | |
| | 3. Vinnings &Tapskto. | " 2573,85 | " 18573,85 |

Styret gjer framlegg om aanytta overskotet soleis:

| | | |
|---|---|---|
| 17 % utbytte | kr. 2550,- | |
| Overf. i ny rekning | " 23,85 | Kr. 2573,85 |

I samsvar med bøkene.

A. Jere. (sign.) Birger Eikeland. (sign.)

# ÅRSUPPGJER

## for

## L/l KAFFISTOVA, Larvik, 31-12-1931.

### VINNINGS & TAPSKONTO: (det raude: 1930)

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1. Driftskonto | | | kr. 13633,49 | 14081,05 |
| 2. Lønskonto | kr. 5239,93 | 5484,35 | | |
| 3. Blad- & reklamekonto | „ 914,61 | 912,56 | | |
| 4. Serveringsskatt | „ 2594,90 | 2808,44 | | |
| 5. Skattekonto | „ 1080,00 | 1101,85 | | |
| 6. Avskrive på innbu | „ 1200,00 | 1200.– | | |
| 7. Overskot | „ 2604,05 | 2573,85 | | |
| | | | = kr. 13633,49 | |

### STATUS PR. 31—12—1931:

*A. Aktiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Innbu | kr. 9300,00 | 10500.– | |
| 2. Bankkonto | „ 9294,05 | 8073,85 | |
| 3. I kassa | „ 10,00 | | |
| | | | = kr. 18604,05 |
| | | | 18573,85 |

*B. Passiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Fondskonto | kr. 1000,00 | 1000.– | |
| 2. Kapitalkonto | „ 15000,00 | 15000.– | |
| 3. Vinnings og Tapskonto | „ 2604.05 | 2573,85 | |
| | | | = kr. 18604,05 |
| | | | 18573,85 |

Styret gjer framlegg um å nytta overskotet so:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 17 % utbytte | kr. 2550,00 | 2550.– | |
| Overført i ny rekning | „ 54,05 | 23,85 | |
| | | | = kr. 2604,05 |
| | | | 2573,85 |

Utdraget er i samsvar med bøkene.

Larvik 18/2 1932.

A. Jore,
— revisor —
(sign.)

B. Eikeland,
— revisor —
(sign.)

# L/l Kaffistova. Larvik 31-12-1932.

# Årsuppgjer

## Vinnings & Tapskonto:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Driftskonto | | | kr. 10472.43 |
| 2. Lønskonto | kr. | 4808.49 | |
| 3. Blad & reklame | „ | 884.47 | |
| 4. Serveringsskat | „ | 2217.92 | |
| 5. Skattekonto | „ | 985.50 | |
| 6. Avskrive på innbu | „ | 1200.00 | |
| 7. Overskot | „ | 376.05 | = kr. 10472.43 |

## Status pr. 31-12-1932:

### *A. Aktiva*:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Innbu | kr. | 8100.00 | |
| 2. Bankkonto | „ | 8276.05 | = kr. 16376.05 |

### *B. Passiva*:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Fondskonto | kr. | 1000.00 | |
| 2. Kapitalkonto | „ | 12000.00 | |
| 3. Nedskrive på lutmidel | „ | 3000.00 | |
| 4. Vinnings & Tapskonto | „ | 376.05 | = kr. 16376.05 |

Som ein ser gjer styret sovore framlegg:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Utbytte for 1932 | kr. | 0.00 |
| 2. 20 % nedskriving av lutmidel | „ | 3000.00 |
| 3. Yverført i ny rekning | „ | 376.05 |

Larvik 10/2—1932.

*Andr. Fjørtoft.*

Rekneskapen er i samsvar med bøkene.

*A. Jore.* *N. Løvslett.*

# Årsuppgjer for 1933
## L/l Kaffistova, Larvik.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Driftskonto | | | kr. 9265.39 |
| 2. Lønskonto | = kr. | 4437.75 | |
| 3. Blad & reklame | = „ | 919.38 | |
| 4. Serveringsskatt | = „ | 1919.64 | |
| 5. Skattekonto | = „ | 1074.55 | |
| 6. Avskrive på innbu | = „ | 900.00 | |
| 7. Yverskot | = „ | 14.07 | = kr. 9265.39 |

## Status pr. 31-12-33.

*A. Aktiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Innbu | = kr. | 7200.00 | |
| 2. Bankkonto | = „ | 5814.07 | = kr. 13014.07 |

*B. Passiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Fondskonto | = kr. | ~~500.00~~ 1000.00 | |
| 2. Til luteigarne | = „ | ~~500.00~~ | |
| 3. Kapitalkonto | = „ | 12000.00 | |
| 4. Vinnings & tapskonto | = „ | 14.07 | = kr. 13014.07 |

Styret gjer etter dette sovore framlegg:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Utbytte for året 1933 | = kr. | 0.00 |
| 2. Til luteigarne av fondet | = „ | 0,0 ~~500.00~~ |
| 3. Yverført i ny rekning | = „ | 14.07 |

NB! Vedteke å låna Norskdomslaget i Larvik Kr: 250.

Larvik 9/2—1934.

For styret i L/l Kaffistova
*Andreas Fjørtoft,*
f. t. formann.

At rekneskapen er i samsvar med bøkene vitnast.
*A. Jore.* *Birger [illegible]*

# Årsmelding for 1934
## frå
## A/L Kaffistova, Larvik.

Omsetnaden har i meldingsåret gått opp med kr. 2529,55 samanlikna med 1933. Men samstundes har vareprisane auka, slik at ~~vin~~vinninga på driftskonto har gått ned med kr. 928,75.

Elles viser rekneskapsutdraget at lønskonto har gått opp med kr. 135,- Blad- og reklamekonto har gått ned med kr. 381,76 og skattekonto med kr. 188,05. – Etter at ein har teke same avskriding som ifjor - kr. 900,- er rekneskapen oppgjort med eit underskot på kr. 686,84.

Frk. Gudrun Gåserud har også dette året styrt Kaffistova, og har havt til hjelp 4 gjenter og noko leigehjelp i ferien og elles når arbeidsmengda gjorde det påkravt.

Styret har i året vore:

# …oppgjer

for

# Kaffistova, Larvik
# 1934.

*Status pr. 31-12 1934.*

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| A. | **Aktiva:** | | | |
| | 1. Innbu . . . . . . . . . . . . . . | Kr. | 6 300,— | |
| | 2. Bankkonto . . . . . . . . . . . . | „ | 5 763,16 | |
| | 3. Norskdomslaget i Larvik . . . . | „ | 250,— | |
| | 4. Vinnnings og tapskonto . . . . | „ | 686,84 | |
| | | | | Kr. 13 000,— |
| B. | **Passiva:** | | | |
| | 1. Fondskonto . . . . . . . . . . | Kr. | 1 000,— | |
| | 2. Kapitalkonto . . . . . . . . . . | „ | 12 000,— | |
| | | | | Kr. 13 000,— |

*Vinning og tap:*

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1. Driftskonto . . . . . . . . . . . | | | Kr. | 8 236,64 |
| 2. Lønnskonto . . . . . . . . . . . | Kr. | 4 562,76 | | |
| 3. Blad og reklame . . . . . . . . | „ | 537,62 | | |
| 4. Serveringsskatt . . . . . . . . . | „ | 2 036,60 | | |
| 5. Skattekonto . . . . . . . . . . . | „ | 886,50 | | |
| 6. Avskreve på innbu . . . . . | „ | 900,— | | |
| 7. Underskot . . . . . . . . . . . . | | | „ | 686,84 |
| | Kr. | 8923,48 | Kr. | 8923,48 |

Larvik den 31. desember 1934. / 28. januar 1935.

*Hermann Helle.*

Rekneskapen er i samsvar med bøkene.

Larvik den 6/2—1935.

N. Løvslett A. Jore.

Ettersynsmenn.

# Årsoppgjer

for

# L/L Kaffistova, Larvik

# 1935.

## Vinning og tap:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Driftskonto | | kr. 8411,75 |
| 2. | Lønskonto | kr. 4647,59 | |
| 3. | Blad og reklame | » 604,20 | |
| 4. | Serveringsskatt | » 1969,23 | |
| 5. | Skattekonto | » 501,75 | |
| 6. | Avskreve på innbu | » 900,00 | |
| | Underskot | | » 211,02 |
| | | Kr.8622,77 | Kr.8622,77 |

## Status pr. 31-12-1935:

**A. Aktiva:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | I kassa | kr. 0,93 | |
| 2. | Innbu | » 7975,00 | |
| 3. | Bankkonto | » 289,88 | |
| 4. | Larvik og Brunla Norskdomslag | » 3836,33 | |
| 5. | Underskot 1934 | » 686,84 | |
| 6. | Underskot 1935 | » 211,02 | |
| | | | kr. 13000,00 |

**B. Passiva:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Fondskonto | Kr. 1000,00 | |
| 2. | Lutmedelen | » 12000,00 | |
| | | | Kr. 13000,00 |

Larvik, den 31. desember 1935.
30. januar 1936.

HERMANN HELLE

Samsvarar med bøkene.

N. LØVSLETT A. JORE.

Ettersynsmenn.

# 10-årsoversyn.

| | Omsetn. | Lønev | Stats og Kom. Skatt | Serv. Skatt | Overskot | Utetla | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1926 | 27834 | 3515 | | 2026,63 | 1557 | 1050 | |
| 1927 | 45172 | 5363 | 181,85 | 2796,21 | 3797 | 2250 | |
| 1928 | 51782 | 5576 | 813,20 | 3075,- | 2262 | 2250 | |
| 1929 | 51416 | 5708 | 1021,45 | 2907,- | 2567 | 2550 | |
| 1930 | 48753 | 5484 | 1101,85 | 2808,44 | 2573 | 2550 | |
| 1931 | 44887 | 5239 | 1080,- | 2594,90 | 2604 | 2550 | |
| 1932 | 37596 | 4808 | 985,50 | 2217,92 | 376 | | Nedskr. 3000,- |
| 1933 | 35425 | 4437 | 1074,55 | 1919,64 | 14 | | |
| 1934 | 38239 | 4562 | 886,50 | 2036,60 | | | |
| 1935 | 37771 | 4647 | 501,75 | 1969,23 | | | |
| | 418575 | 49349 | 7646,65 | 24351,57 | 14853 | 13200 | |

Styret.

Frå Sandefjord og Sandar Mållag: Disp. H. Midthun og
lærar K. Hardeland 1926-36.

Frå Larvik og Brunla Norskdomslag: Lærar Andreas Fjørtoft 1926-34.
-"- Hermann Helle 1926-30, 34-36
Fru Marit Mjanger 1931-36

Formann: Andreas Fjørtoft 1926-34, Hermann Helle 1934-36.
Husmor: Frk Kristiane Grevle 1926-30
" Gudrun Gåsemd 1930-36.

# Årsoppgjer

for

# L/L Kaffistova, Larvik

# 1936.

## Vinning og tap ;

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Driftskonto (kr. 40 841,41÷32 273,83) . . . | | kr. 8567,58 |
| 2. | Lønskonto . . . . . . . . . . . | kr. 4528,82 | |
| 3. | Blad og reklame . . . . . . . | « 546,57 | |
| 4. | Serveringsskatt . . . . . . . . | « 2162,46 | |
| 5. | Skattekonto . . . . . . . . . . | « 207,43 | |
| 6. | Avskreve på innbu . . . . . . | « 900,— | |
| 7. | Overskot . . . . . . . . . . . | « 222,30 | |
| | | Kr.8567,58 | Kr.8567,58 |

## Status pr. 31-12—1936 :

**A. Aktiva :**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Innbu . . . . . . . . . . . . | kr. 7075,— | |
| 2. | Bankkonto . . . . . . . . . . | « 1163,11 | |
| 3. | Larvik og Brunla Norskdomslag | « 3836,33 | |
| 4. | 1 aksje i Larvik-Fredr.havnferja | « 250,— | |
| | | | kr. 12324,44 |

**B. Passiva :**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Fondskonto (etter avskr. av underskot for åra 1934 og 35 med kr. 897,86) | kr. 102,14 | |
| 2. | Lutmedelen . . . . . . . . | « 12000,— | |
| 3. | Vinning- og tapskonto . . . | « 222,30 | |
| | | | kr. 12324,44 |

Larvik, den 31. desember 1936. / 9. februar 1937.

N. LØVSLETT A. JORE
Ettersynsmen.

HERMANN HELLE

# Årsopgjer

for

# L/L KAFFISTOVA, Larvik
# 1937

## VINNING OG TAP:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Overført f. f. år | | kr. 2,30 |
| 2. | Driftskonto (kr. 45 240,27 ÷ 35 330,72) | | » 9 909,55 |
| 3. | Rentekonto | | » 154,42 |
| 4. | Lønskonto | kr. 5 078,21 | |
| 5. | Blad og reklame | » 555,20 | |
| 6. | Serveringsskatt | » 2 378,18 | |
| 7. | Skattekonto | » 142,02 | |
| 8. | Avskreve på innbu | » 900,00 | |
| 9. | Overskot | » 1 012,66 | |
| | | kr. 10 066,27 | kr. 10 066,27 |

## STATUS PR. 31–12 1937

*A. Aktiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Innbu | kr. 6 175,00 | |
| 2. | Bankkonto | » 2 748,47 | |
| 3. | Tilgode hjå Norskdomslaget, Larvik | » 3 941,33 | |
| 4. | 1 aksje i Larvik–Frederikshavnferja | » 250,00 | |
| | | | kr. 13 114,80 |

*B. Passiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Fondskonto | kr. 102,14 | |
| 2. | Lutmedelen | » 12 000,00 | |
| 3. | Vinning og tapskonto | » 1 012,66 | |
| | | | kr. 13 114,80 |

Larvik den 3. desember 1937. / 28. januar 1938.

*N. Løvslett, A. Jore,*
ettersynsmenn.

*Herman Helle.*

# ÅRSOPPGJER FOR

# L/L KAFFISTOVA, Larvik

# 1938.

## Vinning og tap:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1. Driftskonto (kr. 50807,71 ÷ 35459,40) | | | kr. | 15348,31 |
| 2. Rentekonto | | | „ | 232,99 |
| 3. Lønskonto | kr. | 5612,— | | |
| 4. Blad og reklame | „ | 550,92 | | |
| 5. Serveringsskatt | „ | 3034,67 | | |
| 6. Skattekonto | „ | 191,40 | | |
| 7. Avskreve på innbu | „ | 1200,— | | |
| 8. Attendeført til trygdefondet | „ | 605,20 | | |
| 9. Overskot | „ | 4387,11 | | |
| | kr. | 15581,30 | kr. | 15581,30 |

## Status pr. 31/12 1938.

### *A. Aktiva:*

| | | |
|---|---|---|
| 1. Innbu | kr. | 4975,— |
| 2. Bankkonto | „ | 8307,11 |
| 3. Norskdomslaget, Larvik | „ | 3855,— |
| 4. 1 aksje i Larvik—F.havnferja | „ | 250,— |
| | kr. | 17387,11 |

### *B. Passiva:*

| | | |
|---|---|---|
| 1. Fondskonto | kr. | 1000,— |
| 2. Lutmedelen | „ | 12000,— |
| 3. Vinning og tapskonto | „ | 4387,11 |
| | kr. | 17387,11 |

Larvik 31-12—1938 / 8-2 — 1939

Hermann Helle,
form.

N. Løvslett, A. Jore.
Ettersynsmenn.

for

# L/L Kaffistova, Larvik

## 1939.

### VINNING OG TAP

| | | |
|---|---|---|
| 1. Overført frå føre året ........................ | | kr. 1 387,11 |
| 2. Driftskonto (kr. 42 233,23 ÷ kr. 31 846,12) ...... | | » 10 387,11 |
| 3. Rentekonto ........................................ | | » 303,05 |
| 4. Lønskonto ........................ | kr. 5 424,49 | |
| 5. Blad og reklame .................. | » 575,23 | |
| 6. Serveringsskatt .................. | » 888,78 | |
| 7. Skattekonto ...................... | » 588,— | |
| 8. Avskreve på innbu ................ | » 1 200,— | |
| 9. Overskot ......................... | » 2 013,66 | |
| 10. Overført f. f. året ............. | » 1 387,11 | |
| | kr. 12 077,27 | kr. 12 077,27 |

### STATUS PR. 31/12—1940.

A. Aktiva:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Innbu ............................ | kr. 3 775,— | |
| 2. Bankkonto ........................ | » 9 800,77 | |
| 3. Norskdomslaget ................... | » 2 575,— | |
| 4. 1 Aksje i Larvik—Fr.hv.ferja | » 250,— | |
| | | kr. 16 400,77 |

B. Passiva:

| | | |
|---|---|---|
| 1. Fondskonto ....................... | kr. 1 000,— | |
| 2. Lutmedelen ....................... | » 12 000,— | |
| 3. Vinnings- og tapskonto ........ | » 3 400,77 | |
| | | kr. 16 400,77 |

Larvik, 31. desember 1939 / 7. februar 1940

Hermann Helle

N. Løvslett. A. Jore.

# L/L Kaffistova, Larvik.

## REKNSKAP FOR ÅRET 1940.

### Vinning og Tap.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Overført frå 1939 | | | kr. 1 300,77 |
| 2. Driftskonto (45 639,40 ÷ 34 641,00) | | | » 10 998,40 |
| 3. Rentekonto | | | » 249,50 |
| 4. Lønskonto | | kr. 5 688,75 | |
| 5. Blad og reklame | | » 584,12 | |
| 6. Oms. skatt | | » 12,17 | |
| 7. Skattekonto | | » 998,50 | |
| 8. Avskreve på innbu | | » 1 200,00 | |
| 9. Overskot | kr. 2 764,36 | | |
| 10. Overført frå 1939 | » 1 300,77 | | |
| | | » 4 065,13 | |
| | | Kr. 12 548,67 | Kr. 12 548,67 |

### Status pr. 31—12—1940.

**A. Aktiva:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. Bankkonto | kr. 12 395,13 | |
| 2. Norskdomslaget i Larvik | » 1 845,00 | |
| 3. Innbu | » 2 575,00 | |
| 4. 1 aksje i Larvik-Fr.hamnferja | » 250,00 | |
| | | Kr. 17 065,13 |

**B. Passiva:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. Lottmedelen | kr. 12 000,00 | |
| 2. Fondskonto | » 1 000,00 | |
| 3. Vinning- og tapskonto | » 4 065,13 | |
| | | Kr. 17 065,13 |

Larvik, 31. desember 1940 / 2. februar 1941

*N. LØVSLETT*, *HERMANN HELLE* *A. JORE*

Form. Ettersyns-menn.

# Årsmelding for 1940

Med dette året er det 15de driftsåret for Kaffistova i Larvik til ende. Det har sjølvsagt vore eit vanskeleg år på så mange måtar, - men driftsmessig har året vore bra.

Omsetnaden dei tre første månadene var ikkje stor, under 3000 kr. månaden. Så kom krigen den 9de april, og dei første vekene deretter var ei leid tid. Om lag 2/3 av alt folket flytta frå byen, men våre folk var tilstades og passa arbeidet sitt kvar dag, trass i den store nervepåkjenninga og alle dei andre vanskane som hendingane førde med seg. Søknaden til Stova blei lita både i april og mai. Men frå juni månad, då alt liksom hadde falle noko til ro, tok omsetnaden så smått til å auka, og har halde seg bra oppe utetter hausten og vinteren. Desember blei den beste månaden i året, og det har vel ikkje hendt før på alle desse 15 åra. Årsomsetnaden blei godt og vel 45000, ner 3½ tusen kr. større enn året før.

Frå mai månad blei det uråd å få kjøpe koks til A-G-A- komfyren. Vi kjøpte då ein ny

elektrisk komfyr attåt den Stova hadde frå før, og tinga barnstundes sommarstraum. Frå oktober månad blei det igjen høve til å få koks til komfyr - etter søknad for kvar månad, og i vintermånadene har vi brukt AGA-komfyren att, helst for å få varme på kjøkenet, - men koksprisane er så store at det løner seg like godt å nytta berre elektrisitet.

Den største varmtvass-tanken måtte byttast ut i oktober. Den nye fekk vi for 200 kr. Både den og komfyren er betalt av drifta i året.

Gardeigarane har gått grundig over garden utanfrå des, med måling og reparasjonar, og innvendes er kjøkkenet pussa opp. Vassrørene er lagt nye frå gata og inn til kjøkkenet. Alt dette har koste mange pengar for gardeigarane, og Kaffistova er sers takksam for alt som er gjort. Det har mykje å segja at Stova har seg godt ut også utanfrå. Husleiga er sett ned med 10% frå 1ste januar 1941.

Rekneskapen syner eit netto overskot på 2764,36 kr. - etter at det er avskreve 1200 kr. på innbu. Dessutan er der til rådvelde 1300,77 kr. frå 1939, - tilsaman 4065,13 kr.

Styret gjer framlegg om å nytta desse pengane slik:
Det blir delt ut til lotteigarane 10 kr. på kvar lott,
tils. 3000,- kr. Resten 1065,13 kr. blir å före i ny rekning.
Styret gjer dessutan framlegg om å gå til ny
uppskriving av lottmeselen med 3000 kr., med attende-
betaling av pengane til lotteigarane. Dermed får Norsk=
domslaget i Larvik höve til å betala gjelden sin, og så
blir ingen stånde i personleg garantiansvar til Kaffistova.
Det kan vera ein stor fyremon i slike utrygge tider, - og
dessutan eit godt punktum for 15 års drift.
Styret har gjeve 200 kr. til Finnlandsinnsamlinga, 200 kr.
til Noregs Mållag og 100 kr. på liste i „Østlandsposten" til fatige
til jul.
Tenarlönene er oppe til revisjon. Frk. Gåserud som
no har styrt Stova i 10 år. har fått lönsauke med 15 kr. pr. månad,
og 2 av gjentene har fått auka lön så dei kom på högd med
dei andre. Elles er större vansken no å skaffa mat, og
dette i samband med rasjoneringsvanskane har skapt mykje
omsut for styrarinna.
Det har vore halde 4 styremöte, og 2 rådleggings=
möte millom styrarinna, fru Bjørnøy og Lövslett.
Styret har vore N. Lövslett. formann,

Styret gjer framlegg om å nytta desse pengane slik:
Det blir delt ut til lotteigarane 10 kr. på kvar lott,
tils. 3000,- kr. Resten 1065,13 kr. blir å före i ny rekning.
Styret gjer dessutan framlegg om å gå til ny
nedskriving av lottmeselen med 3000 kr., med attende=
betaling av pengane til lotteigarane. Dermed får Norsk=
domslaget i Larvik höve til å betala gjelden sin, og så
blir ingen ståande i personleg garantiansvar til Kaffistova.
Det kan vera ein stor föremon i slike utrygge tider, - og
dessutan eit godt punktum for 15 års drift.
Styret har gjeve 200 kr. til Finnlands-innsamlinga, 200 kr.
til Noregs Mållag og 100 kr. på liste i „Østlandsposten" til fatige
til jul.
Tenarlönene er oppe til revisjon. Frk. Gåserud som
no har styrt Stova i 10 år, har fått lönsauke med 15 kr. pr. månad,
og 2 av gjentene har fått auka lön så dei kom på högd med
dei andre. Elles er störste vansken no å skaffa mat, og
dette i samband med rasjoneringsvanskane har skapt mykje
meirarbeid for styrarinna.
Det har vore halde 4 styremöte, og 2 rådleggings=
möte millom styrarinna, fru Njauger og Lövslett.
Styret har vore N. Lövslett. formann,

# Årsmelding for 1941

Året 1941 har vore eit godt år for Kaffistova. Omsetnaden har vore jamt god heile året, men vanskane med å skaffa mat har vore store, og aukar no endå meir etter kvart.

Årsomsetnaden er på 66 375 kr. Rekneskapen syner eit bokført overskot på 4819,52 kr., etter at det er avskreve 1200 kr. på innbu, som dei siste åra før. Dessutan er der til rådvelde 1065,13 kr. frå 1940.

Styret gjer framlegg om å bytta ut 10 kr. på kvar lott, tilsaman 3000 kr., – at 2000 kr. blir lagt til fondet, og resten – 884,65 kr. blir ført i ny rekning.

Den store møtesalen er pussa opp i melling året. Dessutan er matkjellaren gjort grundig istand. I samband med dette er der støypt opp nytt kjølerom med dør inn til matkjellaren. Maskiner og utstyr til dette rommet er levert av A/S Meieribyrået, og bygningsarbeidet er utført av firmaet Hansen & Hobæk. Stova har dermed fått vene og tidhøvelege rom til matvarene, og dette vil sikkert bli til stor vinning for forretninga. Rommet er forresten ikkje endå heilt ferdigmontert og prøvekjørt. Maskinene til kjølerommet er ført på innbukonto med 3000 kr.

Lottmedelen er nedskreven med 3000 kr. – til 9000 kr. – i samsvar med vedtak på omframt årsmøte 19de mars, og pengane er betalt attende til lotteigarane. Norskdomslaget i Larvik har betalt inn lånet sitt heilt dette året.

Det har vore halde 6 styremøte, 1 vanleg og 1 omframt årsmøte, og dessutan nokre samkomer til rådlegging millom styrarinna, fru Mjanger og formannen. I juli månad fekk vi order om å vera førebudd på evakuering, med 2 dagars varsel. Men heldigvis blei dette ikkje sett i verk.

Styret har vore N. Lövslett, formann, V. Handeland varaformann, H. Midttun, skrivar, og fru Marit Mjanger.

Det har vore eit hardt og slitsamt år for styrarinna frk. Saaserud, og for gjentene, med å skaffa mat til kvar dag. Men dei har arbeidd godt og trufast alle og fortener den varmaste takk.

Larvik 25 februar 1942.

I styret for L/L Kaffistova.

N. Lövslett H. Midttun M. Mjanger
V. Handeland.

# Larvik.

## REKNSKAP FOR 1941.

*Vinning og Tap:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Overført frå 1940 | | kr. 1 065,13 |
| 2. | Driftskonto kr. 69 433,96 ÷ kr. 55 020,32 | | » 14 413,64 |
| 3. | Rentekonto | | » 295,50 |
| 4. | Lønskonto | kr. 6 362,20 | |
| 5. | Blad og Reklame | » 820,87 | |
| 6. | Skatte-konto | » 1 506,55 | |
| 7. | Avskreve på innbu | » 1 200,00 | |
| 8. | Overskot kr. 4 819,52 | | |
| 9. | Overført frå 1940 » 1 065,13 | » 5 884,65 | |
| | | kr. 15 774,27 | kr. 15 774,27 |

## STATUS pr. 31-12-41.

A. *Aktiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Bankkonto | kr. 11 259,65 | |
| 2. | Innbu | » 4 375,00 | |
| 3. | Aksje i Larvik—Fr.hamnferja | » 250,00 | kr. 15 884,65 |

B. *Passiva:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Lottmedelen | kr. 9 000,00 | |
| 2. | Fonds-konto | » 1 000,00 | |
| 3. | Vinning og Taps-konto | » 5 884,65 | kr. 15 884,65 |

Larvik, 31 desember 1941. / 30. januar 1942.

*N. Løvslett.*
Formann.

Hermann Helle, A. Jore.
Ettersynsmenn.

# Årsmelding for 1942.

Året 1942 har vore eit bra år for Kaffistova når ein ser på omsetninga, men vanskane med å skaffe mat til kvar dag har vore endå større enn dei var i 1941, og verre blir det for kvar månad som går.

Omsetninga har auka noko også dette året, og kom opp i godt og vel 80 tusen kroner. Det er det meste Kaffistova nokon gong har hatt. Men utgiftene til matkjøp og anna er og etter måten store, så overskotet har ikkje auka tilsvarande. Likevel er styret vel nøgd med drifta iår.

Rekneskapen syner eit bokført overskot på 5103,53 kr. Dessutan er der til rådvelde 884,65 kr frå 1941. Styret iår til å nytta desse pengane såleis: Det blir delt ut 10 kr. på kvar lott iår som dei dei siste åra, tils. 3000 kr. 2000 kr. blir lagt til fondet, som dermed kjem opp i 5000 kr. Resten – 988,18 – blir å føre i ny rekning.

Der er skreve av på innbo 1200 kr. iår og.

Det nye kjølerommet er teke i bruk dette året, og vi er vel nøgd med det. Når tidene blir normale igjen, vil Stova få stor nytte av det rommet.

På styremøtet 16/12-42 blei det vedteke å kjøpa ein „Brita" oppvaskmaskin til kjøkenet. Maskinen er nett no komen på plass, og tenestfolka er svært vel nøgd med han. Elles har det av gode grunnar vore lite høve til å skaffe nye ting til Stova.

Styret dette året har vore N. Løvslett, formann, Ivar Spilde varaformann, dispr. H. Midttun, skrivar, og frk. Marit Mjanger. Det har vore halde 3 styremøte. Både formannen og varaformannen har vore „borte" over halve året, og i den tida var det frk Mjanger og styrarinna som hadde tilsyn med Stova.

Uttusynsmenn har vore H. Helle og A. Fore, men Helle var og „borte" eit halvt år, og i den tida var Ola Mjanger ettersmann i hans stad. Styrarinne er framleis frk. Gudrun Gaasemyr.

Både ho og gjentene har hatt det svært strídt og vanskeleg dette året. Men dei har arbeidd trufast og med godt humør, og dei fortener alle stor takk for arbeidet i året som gjekk.

Larvik 23de februar 1943.

I styret for L/L Kaffistova.

N. Løvslett  H. Midttun  Ivar Spilde

Marit Mjanger

## *REKNSKAP FOR 1942*

### Vinning og Tap:

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Overført frå 1941 ........................................ | | | kr. | 884,65 |
| 2. | Driftskonto kr. 80 471,70 ÷ kr. 65 226,65 ... | | | » | 15 255,05 |
| 3. | Rentekonto ................................................ | | | » | 284,39 |
| 4. | Lønskonto .................... | kr. | 6 803,64 | | |
| 5. | Blad og reklame ........... | » | 469,77 | | |
| 6. | Skattekonto ................. | » | 1 962,50 | | |
| 7. | Avskrive på innbu ........... | » | 1 200,— | | |
| 8. | Overskot ...... kr. 5 103,53 | | | | |
| 9. | Overf. frå 1941 » 884,65 | | | | |
| | | » | 5 988,18 | | |
| | | kr. | 16 424,09 | kr. | 16 424,09 |

## *STATUS PR. 31-12 1942*

### A. Aktiva:

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Bankkonto .................... | kr. | 14 563,18 | | |
